

Hei Jon takk for svar, men no må du ta dette på alvor.

Det går opp for fleire og fleire at denne saka er innlysande, i favør av Austevoll. Det ser eg av samtaler, telefonar og e-postar eg får. Ein student har og skrive om samspelet mellom offentleg sektor og næringslivet, med utgangspunkt i Helge Hopen rapporten, reportasjen i BT og andre saker som ligg på Hufthamar.no

Du skriv at: Austevoll er ein viktig kommune i fylket, og vert satsa på. Dette stemmer ikkje i samferdslepolitikken, Jon Askeland. Næringslivet i Austevoll driv på trass av, og ikkje på grunn av samferdslepolitikken. Viser igjen til dei to vedlegga.

Du seier at ferjetilbodet vart betre, det er det ikkje når det gjeld opningstid. **Næringslivet i Austevoll må ha lengre opningstid, det er det reportasjen i BT dreidde seg om.** Opningstida er blitt 5 minutt mindre enn før. Siste ferja går 22:35, mot 22:40 tidlegare. Austevoll stengjer altså 22:35 ut av kommunen. Austevoll og næringslivet sitt krav er at siste ferja går frå Hufthamar 01:00. Slik det kom fram i vedlegget frå BT.

Eksempel: Hufthamar – Krokeide har dårlegare rutetilbod enn eit samband med om lag halvparten av trafikken. Dette sambandet har og 1 time og 50 minutt lengre opningstid, er landfast og har to ferjer i drift kvar dag heile året. Hufthamar – Krokeide har to ferjer drift 5 dagar i veka, 6 dagar vår og sommar.

Hufthamar - Krokeide er som sagt, det største fylkesvegferjesambandet i Hordaland, men har langt i frå det beste rutetilbodet. Austevoll er saman med Fedje einaste kommunen i gamle Hordaland som ikkje er landfast. Dette går og fram av Helge Hopen rapporten som no er 6 år gammal. **Dette må du ta inn over deg, og ta ansvaret for. De har ansvaret for å gje innbyggjarane i Vestland eit objektivt og likeverdig ferjetilbod, der ein tar omsyn til om eit samband er landfast eller ikkje, og sjølv sagt trafikkgrunnlaget. Dette gjer de ikkje i dag.**

Det er Karsten Eriksen som har gått gjennom alle ferjestrekningane i Hordaland, og funne mykje interessant statistikk. Du skyldar på dårleg økonomi, derfor kjem no eit nytt eksempel.

Eksempel 2: Eit samband med nærleik til Hardangerbrua går med 3500 tomme ferjer i året (2018 tall). Det er 1 t 30 minutt til Hardangerbrua frå den eine sida, og 2 timar til Hardangerbrua på den andre sida. **Dette landfaste sambandet er i tillegg nattope!**

Eg har skrive om samferdsle ei stund, og også lagt dette ut på nettsida mi. Folk i Austevoll og frå andre stader, er svært forundra over at det kan være slik i 2021. Dette er det folk reagerer mest på:

- Det ser ut som Skyss/fylket ikkje har fått med seg den enorme trafikkveksten sambanda til Austevoll har hatt. Hufthamar – Krokeide har vokse seg til og bli det desidert største sambandet. Dette gjenspeilar seg ikkje i rutetilbodet.
- Ein tar ikkje omsyn til trafikkgrunnlag.
- Ein tar ikkje omsyn til om eit samband er landfast eller ikkje.
- Politikarar, næringsliv og innbyggjarar har gitt mengder av innspel, men bli ikkje høyrte.
- Helge Hopen rapporten kom i 2015, ingenting er gjort med opningstida.
- Skyss, HFK og no Vestland FK har brukt 14 år (!) utan og gjera noko med pris på hurtigbåt, som varierer på ulike strekningar med opp til 400% (!) ut frå pris pr. km.
- Austevoll er den einaste kommunen som ein i praksis ikkje kan reisa gratis inn i ein anna kommune med buss i det «nye» takstsonkartet.
- Når ein tar takstar og ferjer opp med Skyss, HFK og no Vestland, skyldar ein på historiske data og historiske perspektiv, men ingenting skjer.
- Ingen har kunna fortald oss kva retningslinjer ein har, for drift av ferjer!

Det er sjølv sagt og svært beklageleg at Senterpartiet sin eigen politikk, visjonar og verdiar ikkje ser ut til å gjelde for Austevoll, i samferdsle politikken. Dette er ikkje SP sentralt sin feil, men dei bør uansett ta tak i dette, og me forventar at dei gjer det. Ansvar er ligg hos Hovudutval for samferdsel og mobilitet, Skyss og sjølv sagt hos Jon Askeland. De forvaltar midlane de har feil, etter mange sitt syn. Dette beviser og ferjestatistikken som Karsten Eriksen har gått gjennom. Det er derfor ikkje greitt og skylda på dårleg økonomi. Dette er det faktisk på tide at de innser sjølv.

Framover skal me jobbe mykje hardare for at det skal bli slutt på denne uretten. Austevoll skal ha det samferdsle tilbodet ein har krav på. Det vil sei, lengst opningstid når det gjeld ferjer, på grunn av at me er det største sambandet, og at me ikkje er landfast. Me skal og ha rettferdige prisar på hurtigbåt og eit takstsonekart som er meir rettferdig enn i dag.

Med vennleg helsing:

Tore Hufthammer

Hufthamar 60
5392 Storebø
94132750
tore@hufthamar.no

Fra: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>

Sendt: onsdag 24. februar 2021 11:31

Til: tore@hufthamar.no; Jenny Ellaug Følling <Jenny.Ellaug.Folling@vlfk.no>; Jannicke Bergesen Clarke <Jannicke.Bergesen.Clarke@vlfk.no>

Kopi: anr@lysglimt.net; 'Sofie Bøe Tømmerbakke' <sofiebt@hi.no>; 'Lars Knut Aarland' <lk.aarland@gmail.com>; Ingolv Skumsnes <Ingsku@hotmail.com>; Målfrid Vik Sønstabø <Malfrid.Vik.Sonstabo@skyss.no>; 'Morten Storebø' <morten.storebo@auustevoll.kommune.no>; Toppe, Kjersti <kjersti.toppe@stortinget.no>; Bjørke, Nils T <nils.t.bjorke@stortinget.no>; 'Knut M. Olsen' <kmo@sp.no>; maaa@stortinget.no; 'Helge Andre Njåstad' <hni@stortinget.no>

Emne: SV: Samferdsle situasjonen til Austevoll.

Takk for innspela dine, Tore.

Det er flott du står på, det triggar alle.

Og eg kan melda at ordføraren i Austevoll spelte inn ferjebehova for kommunen i innspelsmøtet til Regional transportplan førre veke. No vert dette jobba med administrativt, før politisk vidarehandsaming og vedtak til jul.

I går kom det også Stortingsforlik på ferjetakstane. Parallellt med dette må det jobbast i alle parti med å sikra fylka meir pengar til ferjedrifta, slik at det er råd å auka frekvensane meir. Utan meir pengar, så vert det splitt-og-hersk.

Begge desse to døma kjem som følgje av engasjement.

Så er ikkje påstandane dine heilt korrekte, me kjenner rapporten og oppslaget godt. Austevoll er ein viktig kommune i fylket, og vert satsa på. Ferjetilbodet vart forbetra ved oppstarten av noverande ferjekontrakt.

Me er ikkje i mål, men det er heller ikkje rett å seia at me ingenting gjer. Det er ikkje lenge sidan det berre var èi ferje på Hufthamar-Krokeide. Så vart det ei suppleringsferje, no er det to fulle ferjer. Utfordringa, som me har sagt lenge, er at det er avgrensa tilgang på midlar for å løysa alle behova i fylket. Dette gjer at fylket på same måten som kommunen stadig må balansera perioriteringane.

Mvh Jon

Fra: tore@hufthamar.no <tore@hufthamar.no>

Sendt: tirsdag 23. februar 2021 17:07

Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Jenny Ellaug Følling <Jenny.Ellaug.Folling@vlfk.no>; Jannicke Bergesen Clarke <Jannicke.Bergesen.Clarke@vlfk.no>

Kopi: anr@lysglimt.net; 'Sofie Bøe Tømmerbakke' <sofiebt@hi.no>; 'Lars Knut Aarland' <lk.aarland@gmail.com>; Ingolv Skumsnes <Ingsku@hotmail.com>; Målfrid Vik Sønstabø <Malfrid.Vik.Sonstabo@skyss.no>; 'Morten Storebø' <morten.storebo@austevoll.kommune.no>; 'Vedum Trygve Slagsvold' <trygve-slagsvold.vedum@stortinget.no>; Toppe, Kjersti <kjersti.toppe@stortinget.no>; Bjørke, Nils T <nils.t.bjorke@stortinget.no>; 'Knut M. Olsen' <kmo@sp.no>; maaa@stortinget.no; 'Helge Andre Njåstad' <hni@stortinget.no>

Emne: Samferdsle situasjonen til Austevoll.

Til Jenny Ellaug Følling, Jannicke Bergesen Clarke og Jon Askeland.

Viser til telefonsamtale i dag, med Jenny, og telefonsamtaler med Jenny, Jannicke og Jon tidlegare.

Viser nok ein gang til vedlegga, Ein stad går grensa og Helge Hopen rapporten.

Les og bruk desse vedlegga. Det er no 6 år sidan Helge Hopen rapporten kom. Denne stadfestar at Austevoll har betydeleg dårlegare rutetilbod enn samanliknbare strekningar, desse andre sambanda er i tillegg landfast. Dette må de ta innover dykk, dette er fakta.

Senterpartiet i Austevoll og formannskapet i Austevoll, ved ordførar Morten Storebø, har og sendt dokumentasjon på behova. Reportasjen frå BT, Ein stad går grensa, frå 2017, viser og at ein frå Austevoll si side, har jobba lenge politisk, opp mot Skyss og Fylkeskommunen for lengre opningstid. Denne reportasjen er 4 år gammal. Næringslivet sitt behov er og grundig dokumentert. Det at ingen ting er gjort med opningstida til ferjene i Austevoll, sidan Helge Hopen rapporten kom, er sjølvsgag ikkje godt nok. De har den dokumentasjonen de treng, og har hatt tilgang på denne lenge.

Det at ein og i frå Austevoll har jobba i 14 år med prisane på hurtigbåt, der pris, Hufthamar – Flesland kai, er 400% dyrare enn tilsvarande strekning, og at Austevoll er einaste kommunen i gamle Hordaland, som ikkje kan reisa gratis inn i andre kommunar i det nye takstsonekartet seier mykje.

Oppsummering av den no, 6 år gamle Helge Hopen rapporten.

Rapporten syner fakta og statistikk for ferjetilbodet til og frå Austevoll. Kort oppsummering i hovudpunkt:

- Austevoll har hatt ein vekst på 10% i folketalet dei siste 5 åra, og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30% dei neste 15-20 åra.
- Austevoll har eit næringsliv som har høgast verdiskaping pr. sysselsett i Hordaland og som ligg 62% høgare enn landsgjennomsnittet. Innpendlinga til kommunen har auka med gjennomsnittleg 11% kvart år sidan år 2000.
- Medan trafikkveksten på vegnettet i Hordaland har auka med ca. 7 % dei siste 6 åra, har trafikkauken på sambanda til Austevoll auka med 19% (Krokeide-Hufthamar) og 27% (Husavik-Sandvikvåg).
- Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tydar på at veksten vil halde fram i åra som kjem.
- **Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarande trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køyreruter. Det har ikkje Austevoll.**

Helge Hopen rapporten er stadfesting nok, behovet til Austevoll laksepakkeri og resten av næringslivet i Austevoll, er grundig dokumentert. Skyss, Askeland og utval for samferdsle og miljø, rettar seg etter historiske perspektiv og historiske data, dette må det bli slutt på. Ein må ta omsyn til objektive kriteria, der det er mest trafikk, må det gå mest ferjer. Ein må sjølvst og ta omsyn til om eit samband er landfast eller ikkje.

Korleis vil de forklara dykk ovanfor næringslivet i Austevoll? Det er 6 år sidan, Helge Hopen rapporten kom, det har ikkje skjedd noko med opningstidene. Korleis kan de forsvara at, Hufthamar – Krokeide har dårlegare rutetilbod og mindre opningstid, enn eit landfast samband med om lag halvparten av trafikken? De har hatt 14 år på dykk, til å justera pris for hurtigbåt, det er 6 år sidan Helge Hopen rapporten kom!

Ingenting vil gleda meg meir, enn om det er Senterpartiet som tar tak i dette. Som ein i partiet sentralt, sa til meg, dette er jo Senterparti politikk.

Tittelen på reportasjen frå BT seier det meste, «Ein stad går grensa».

Austevoll kan, må ikkje, og vil ikkje akseptera dette lengre.

Sjå gjerne på meir dokumentasjon her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Kopi og blindkopi, til næringslivet i Austevoll.

Kopi, Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss.

Kopi, Morten Storebø, ordfører i Austevoll.

Kopi, Trygve S Vedum, Kjersti Toppe, Knut M Olsen, Nils T Bjørke og Marit Arnstad.

Kopi Helge Andre Njåstad.

Med vennleg helsing:

For Senterpartiet i Austevoll.

Tore Hufthammer

Hufthamar 60

5392 Storebø

94132750

tore@hufthamar.no